



Festidalen-trio klar for å presentere festivalen for formannskapet: Daidalos Dahle, Sveinung M. Pile og Hege Sætveit Eikenes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein trio frå Festidalen fekk ei svært god mottaking då dei presenterte planane sine i formannskapet torsdag. Både rådmannen og politikarane var fulle av lovord om Uskedalen-festivalen, som presenterte ein søknad om 200.000 kommunale kroner.**

- Men kva skkjer om festivalen ikkje får det omsøkte beløpet, ville Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) veta.  
- Vi har vårt budsjett uavhengig av dette og vil gjennomføra festivalen uansett sjølv om vi ikkje kan halda så mange sidearrangementer som vi helst vil, svara festivalsjef Sveinung M. Pile frå Uskedalen.

Bjarne Berge viste til andre moglege finansieringskjelder, som Samarbeidsrådet og kompansasjonsmidlar. Han syntes at festivalen er ein flott måte å gjera Kvinnherad meir kjent på.  
Arne Havnerås brukte orda 'fint og spanande' om festivalen og kunne lova pengar til føremålet.

Rådmann Trond Sætereng sa at dette er eit av dei føremåla han har lyst til å bruka pengar på. Han streka under kor viktig det er å stimulera dugnader utan betaling og oppfatta Festidalen-gjengen som gode eksponentar i denne samanhengen.

Voss er i så måte eit godt føredøme for Kvinnherad, meinte rådmannen.  
- Der oppe kan dei arrangera kva som helst, sa han.

Ordførar Synnøve Solbakken sa at Festidalen-trioen burde kjenne seg oppløfta av dei positive signalane og ville ynskje dei lukke til. Arrangementet er eigna til å skapa vekst og trivsel og er eit verdfullt tiltak til dømes for omdømmebygging, meinte Solbakken.

Det var i 2003 den første Festidalen gjekk av stabelen med 335 innanfor portane. I 2007 var talet auka til 1.600. Festivalsjef Pile slo fast at det har vore lagt for dagen ein enorm dugnadsånd, at det er bygd opp ein god merkevare og at det er gjort ein god sponsorjobb.

- Vi ynskjer å vera Kvinnherad sitt kulturbeite og engasjera heile kommunen og innbyggjarar i alle aldrar. Satsinga på Uskedalen er bevisst fordi staden ligg i sentrum av kommunen, sa Pile.

Ved å satsa 200.000 kroner kan kommunen opna for jobbing også mot stat og kommune og det kan leggjast opp eit haldningsskapande barne- og ungdomsarbeid og innsats mot næringslivet. Profilering i Bergen og Oslo står også på programmet, sjølv utan kommunal medverknad.

Av Ola Matti Mathisen